

Eldretrim med god deltaking

13.01.2015

No har helselaget hatt igang eldretrim om måndagane på Gamleskulen ei tid og dei er godt nógde med deltakinga. I går var det riktignok berre 11, men detvar da også ein spesiell dag like etter uvershelga. Sist kom det 15. Trimmen er frå klokka 11 til 12

Og med det samme vi er inne på Gamleskulen: No er opningstida for tysdagskafeen Tlaren redusert med ein time på grunn av lite oppslutnad på tampen av dagen. Med andre ord er kafeen ope frå 11 til 14. Men det er ingen endring ellers - godsakene til dugnadsdamene kostar framleis berre 10 kroner!